

Oppvekst- og kulturetaten

Barne- og familiedepartementet
Familie-, barnehage-, og likestillingsavd.
P.b. 8036
0030 OSLO

Ulsteinvik, 04-01-2005
330.00

Arkivsak nr.: Løpenr. Arkivkode Vår ref. Dykkar ref.
04/01553 000066/05 A10 &00/ OK/SEK/GNOOK

2004/04169
-140

**NY BARNEHAGELOV - HØYRING
HØYRINGSUTTALE FRÅ ULSTEIN KOMMUNE**

Viser til høyringsnotat om ny barnehagelov, og sender med dette høyringsuttale frå Ulstein kommune.

HØYRINGSUTTALE TIL NY BARNEHAGELOV

§1 Formål.

Ulstein kommune støttar framlegget om å vidareføre formålsparagrafen uendra. Viktig at barnehage og skule kan bygge på felles verdigrunnlag, samtidig som det er opna for reservasjon for private barnehagar.

§2 Barnehagens innhold.

Her bør kome eit tillegg som omhandlar overgang frå barnehage til skule. Dette vert ofte etterlyst av både tilsette i barnehage og skule, og av føresette. Slik det er i dag, er det opp til den einskilde kommune, eller barnehage/skule, å legge til rette for dette. Med mål om full dekning og barnehageplass til alle som ønskjer det, er ei god og felles ordning for overgang barnehage/skule meir aktuelt enn nokon gong før.

§18 Ledelse.

Ulstein kommune støttar alternativ B, men der det i framlegget står berre "daglig leder" bør dette endrast til "daglig leder/styrer". I tredje leddet i framlegget står det at "skolens rektor" kan vere dagleg leiar for barnehagen. Her bør det stå at rektor eller styrar kan vere leiar for verksemda.

§19 Barnehagens øvrige personale.

Ulstein kommune støttar alternativ B, men der framlegget seier "Likeverdig med førskolelærerutdanning" meiner vi det heller bør stå "Alternativ til førskulelærerutdanning".

Med helsing

Leif Ringstad
oppvekst-og kultursjef

Gry Nordal
konsulent